



Ungdomsrådet sin uttale til Budsjett 2022 Økonomiplan 2022-2025



Kjære heradsstyre!

Det er tronge tider økonomisk og det heng ei mørk sky over oss den komande budsjettperioden også. Det er føreslått mange kutt for å få kommuneøkonomien til å gå rundt. Vanlegvis kjem me i ungdomsrådet med ei liste der me kjem med ynskjer til kva som skal vera med i budsjettet. I år kjem me i tillegg med to sentrale punkt som de bør ha ekstra fokus på når de skal utforma dette budsjettet.

Distrikta

Distrikta i kommunen er viktig, det er i bygdene kring Norheimsund/Øystese ein i framtida vil kunne finna tomter og nye bustader. Det er i distrikta våre me kan driva store verksemder innan industri, akvakultur og landbruk. Dette er verksemder med store ringverknadar i heile kommunen. Dersom de kuttar i tilbode i utkanten av heradet, vil det verta mindre attraktivt for ungdom/unge vaksne å busetja seg der. Då vil me ha ein sterkt sentralisert kommune utan levande grender. Me ser kor mykje positivt som vert skapt i heile Kvam, dette kan me ikkje gje slepp på.

Ungdommen er framtida

Det aller viktigaste når ein vedtar budsjett er at dei unge er ivaretekne. Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam er ein attraktiv kommune dei kan busetja seg i. Me treng difor gode fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar. Det er også viktig at Kvam Herad legg til rette for at lokale vidaregåande skular kan ha relevante linjer slik at dei unge vert attraktive i tilsetjingsprosessane til lokale bedrifter.

Grunnskule

Ikkje endring av skulestruktur i Kvam

- Kvam ungdomsråd ønskjer heller ikkje i denne budsjettperioden at det vert gjort endringar i skulestrukturen

Viktig med tilgang på pc og nettbrett til alle elevane

Kvam ungdomsråd vil påpeika også i år at det er viktig at alle elevar i 1-10. klassetrinn har tilgang til pc/ nettbrett fordi dette vil kunna visa ut dei økonomiske skilnadane mellom elevane. PC/ nettbrett er eit naudsynt arbeidsverktøy for elevane og er avgjerande for utviklinga av den digitale kompetansen deira. Det er viktig for ein betre overgang til vidaregåande skule. På enkelte av skulane i Kvam er det til tider svært dårlig internett. Kvam ungdomsråd vil at dette vert utbetra då det stel mykje tid av undervisninga.

Kompetanse hos lærarar

Ungdomsrådet har merka seg at kompetansen blant lærarane når det gjeld bruk av digitale verktøy har betra seg, men mange elevar opplever framleis at det er ein veg å gå. Det er viktig at elevane ikkje opplever tap av tid til undervisning på grunn av manglande kompetanse hos lærarane.

Mat i kvamma-skulen

Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad skal ha tilbod om frukost til alle elevar i grunnskulen. Dette for å sikra ein like god start på dagen for alle elevar, også dei som bur i familiar med vedvarande låg inntekt. Ungdomsrådet meiner at Kvam herad skal overta kantinedrifta på Kvam ungdomsskule og Strandebarn skule slik at tilbodet blir likt på skulane. Kvam ungdomsråd meiner at overskotet frå inntektene på kantinedrifta på skulane (Kvam ungdomsskule og Strandebarm skule) skal gå tilbake til å drifta kantina.

Medlemskap i Elevorganisasjonen

Kvam ungdomsråd oppmodar om at alle skulane i Kvam blir medlem i Elevorganisasjonen fordi her har skulane høve til å søkje organisasjonen om midlar på inntil 40 000 kr til elevrådsarbeid per skule. Desse midlane kan til dømes brukast til felles arrangement for elevane på skulen (t.d. gratis frukost/ lunsj/ aktivitetsdag/ turdag).

Sosialfagleg kompetanse i skulen

Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt med sosialfagleg kompetanse i skulen, fordi dette tilfører ein breiare og betre kompetanse til å ivareta barn og unge i skulekvardagen deira. Elevar opplever at kvardagen kan vera vanskelig og at det er utfordrande å finna gode vaksne og prata med. Dette bør vere eit tilbod på alle skulane.

Uteområde i kvammaskulen

Eit aktiviserande uteområde er viktig for å generera trivsel og aktivitet i skulen. Kvam ungdomsråd understrekar at uteområdet ved Øystese skule har eit skrikande behov for oppgradering. Det seg vera ballbinge, leikeapparat eller liknande. Det er og ynskjeleg med ei ny leikeferje ved Tørvikbygd skule for å framheva dei stolte sjøfartstradisjonane i bygda.

Vidaregåande opplæring

Læretilbod/ lærlingtilbod i Kvam

- Kvam ungdomsråd meiner at det er viktig at Kvam herad held fram med å arbeida aktivt for å oppretthalda eksisterande linjer på Kvam vidaregåande skule og oppmodar fylkeskommunen om å tenkja på å oppretta nye linjer slik at det blir attraktiv å sökja seg til Kvam.
- Kvam Herad bør verta flinkare på å promotera lærlinghuset.
- Variasjon i lærlingplassar. Kvam ungdomsråd ber også i år om at Kvam herad satsar på lærlingplassar innanfor fleire fagområde (TIP- elektro, mekaniske yrke, bygg og forskalingsfag) og at Kvam herad prioritærer "lærebedrifter" i Kvam herad sine anbodsprosessar.

Kommunehelse

Trivsel og haldningar

- Kvam ungdomsråd er positive til at det vert arbeidd aktivt på skulane med trivsel og haldningar.
- Kvam ungdomsråd er glade for at det er ein "nulltoleranse" i Kvam for mobbing på skulane. Ungdomsrådet er likevel uroa over at tilstandsrapporten frå skule viser at 12,8 % av elevane på 7. trinn seier at dei opplever mobbing. Dette må bli tatt på alvor! Gjennomsnittet på landsbasis på 7. trinn er 7 %.
- Kvam ungdomsråd er glade for at Kvam herad deltek i lokale-, regionale- og nasjonale prosjektgrupper for å betra mellom anna psykisk helsehjelp blant barn og unge.
- Kvam ungdomsråd deltok i 2021 i prosjektet «Korleis vil me leva saman» som handla om møteplassar for ungdom i Kvam. Kvam ungdomsråd håpar at dette er noko som Kvam herad vil arbeida vidare med i 2022 fordi gode møtestadar er viktig for ungdom og deira trivsel. **Trygge møtestadar genererer trivsel!**

Utekontakten og helsesjukepleiartilbodet på skulane

- Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt at Kvam herad har ein så aktiv og synleg Utekontakt, som reiser rundt og besøkjer elevane på skulane. Utekontakten representerer ein ekstra tryggleik for ungdom som har det vanskeleg fordi det kan vera lettare å snakka med Utekontakten i staden for andre vaksne.
- Det er naudsynt at helsesjukepleiarane er ute på skulane, sjølv om elevane ofte opplever at helsesjukepleiarane er for sjeldan tilgjengelig. Ungdomsrådet er positive til at denne tenesta ikkje vert redusert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2022, men påpeikar at helsesjukepleiarane må bli endå meir synlege/tilgjengelige på skulane slik at elevane kan ta kontakt. Det er viktig at helsesjukepleiarane presenterer seg i klassane, spesielt på 8.- klassetrinnet.
- Ungdomsrådet oppmodar Kvam Herad til å gjere som fylket, og innføra gratis sanitær produkt for jenter i kvamma-skulen.

Organisasjon og politikk

Budsjett for Kvam ungdomsråd

- Kvam ungdomsråd har forståing for at budsjettet til Kvam ungdomsråd er 150 000 kr. Ungdomsrådet vil påpeika at budsjettåra 2020/2021 ikkje er representativt på grunn av koronasituasjonen. Fleire av utgiftspostane har vorte kraftig redusert og aktivitetsnivået for ungdomsrådet med unnatak av lokal møteverksemd har ikkje vore så stor som rådet rekna med.
Me bed difor instendig om ei auke i budsjetttramma til rådet på 50 000 kr.

Fjernmøter

Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad (heile organisasjonen både administrasjon og politisk) bør arrangera nett-møter (teams-møter) der dette er mogeleg. Erfaringane med nettmøter i løpet av 2020/2021 viser at dette er ei god løysing samstundes som det er mindre ressurskrevjande.

El-bil

Kvam ungdomsråd viser til dei store kostnadane knytt til køyregodtgjersle og oppmodar om at Kvam herad leaser ein eller fleire el- bilar som kan nyttast av tilsette som skal på tenestereiser. Dette vil vera kostnadssparande og ei betre løysing for miljøet.

Kultur/Idrett

Kvam ungdomsråd meiner at kultur og idrett er viktig for barn og unge i Kvam.

- Kvam ungdomsråd vil at arbeidet med å etablera «utstyrslager» BUA skal bli prioritert. BUA er eit godt tiltak imot utanforskap, og gjev ein moglegheit for alle til å vera med på ulike fritidsaktivitetar, sjølv om ein ikkje har naudsynt utstyr.
- Kvam ungdomsråd tykkjer det er flott at me har eit kinotilbod i kommunen. Det er likevel ynskjeleg med oftare og meir relevante farmsynningar for ungdom.
- Kvam ungdomsråd meiner at fritidskortet har vore ei veldig god ordning for barn og unge. Denne ordninga har redusert økonomiske ulikskapar og gitt fleire barn og unge moglegheita til å vera med på fritidsaktivitetar og kulturskulen. Kvam ungdomsråd vil difor at ordninga med fritidskortet skal fortsetta.
- Øystese sentrum begynner å ta form som eit flott sentrum i kommunen vår. Kvam ungdomsråd meiner likevel at det bør leggjast betre til rette for barn og unge. Til dømes ein form for «hub» (innandørs møteplass med varme og straum), tuftepark.
- Motorsportsbane er eit djupt etterlengta tilbod blant ungdommen i Kvam. Kvam ungdomsråd meiner difor det er viktig at arbeidet med ein reguleringsplan vert prioritert.
- Kvam ungdomsråd opplev at det enkelte stader i heradet er lite tilgjengelige leikeplassar. Standarden på dei allereie eksisterande kommunale leikeplassane er varierande. Me vil difor oppmoda om at det vert innført ein felles standard for leikeplassar i Kvam.

Samferdsel

Kollektivtilbod

- Kvam ungdomsråd er framleis ikkje nøgd med kollektivtilboden i Kvam. Det er avgjerande at busstidene harmonerer med start/slutt tider på undervisninga. Dette er i dag ei stor utfordring, spesielt for ungdommar ved kvam vidaregåande skule som skal til utkantane av kommunen.
- Barn/unge under 15 år opplever daglege utfordringar med betaling av billett. Det er i dag ikkje mogleg å betala med vipps for desse. Dette fordi «vippssing» til eit føretak ikkje er mogleg for dei under 15 år. Ungdomsrådet ber difor om at kommunen prioriterer å arbeida for å betra tilboden.
- Kvam ungdomsråd ynskjer eit betre kollektivtilbod på kveld/natt i helgane.
- Kvam ungdomsråd ynskjer å sjå på moglegheita for nattferjer/fleire ferjeavgangar for å knyta regionen tettare saman.

Trygge kommunale vegar

Kvam ungdomsråd er svært glad for at Kvam Herad er blitt trafikksikkert herad. Kvam ungdomsråd ynskjer likevel at Kvam herad heile tida prioriterer trygge kommunale vegar. Spesielt rassikring. Kvam ungdomsråd meiner at Kvam herad må prioritera gang- og sykkelvegar der elevane ikkje har rett på skuleskyss. Spesielt ved Strandebarm skule i retning Bakka.